

Protokoll frå årsmøtet 2021 i Ulstein KFUK-KFUM

Tid: tysdag 16. mars 2021 kl. 19

Stad: Sunnmøre folkehøgskule

Til stades: 15

Andakt: Ruben Voldsund

På grunn av koronasituasjonen var årsmøtet utsett frå februar.

Sak 1/2021 Konstituering

Møteleiar: Andreas Lunde

Sekretær: Svein Arne Orvik

Signere protokoll: Odd Arne Vikebakk, Ole Terje Sukka

Sak 2/2021 Godkjenning av innkalling og sakliste

Møtet vart annonsert i Vikebladet, på heimesida og Facebook-sida til Ulstein KM.

Vedtak: Årsmøte godkjenner innkallinga og sakliste slik dei ligg føre.

Sak 3/2021 Årsmelding 2020

Årsmeldinga vart lesen opp. Som det går fram av årsmeldinga har Ulstein KFUK-KFUM, trass i eit annleis år som har vore prega av pandemien, halde oppe mykje aktivitet for både små og store.

Vedtak: Årsmeldinga frå styret vart godkjent av årsmøtet.

Sak 4/2021 Rekneskap for 2020 og budsjett for 2021

Arnfinn Hanstad gjekk gjennom rekneskapen for 2020 og budsjettet for 2021, som styret fremjar for årsmøtet.

Fredheimbasaren kunne pga. koronarestriksjonane ikkje arrangerast, men loddsalet vart gjennomført. Det er ein solid auke i gåver fordi folk har gitt pengar i staden for å bidra med gevinstar, sidan basaren var avlyst.

Laget fekk 31 283 kroner i koronatilskot fordi vi tapte inntekter når basaren ikkje kunne haldast. Gåver skulle det ikkje takast omsyn til i søknaden om tilskot.

Vedtak: Årsmøte tok rekneskapen frå 2020 til etterretning og godkjende budsjettet for 2021.

Sak 5/2021 Val

Knut Johan Rønningen la fram innstillinga frå valnemnda.

Styret

Line Lervik Aksnes (2020–2022)

Aud Janne Hatlebakk (2020–2022)

Lars Erling Bjåstad Hovlid (2020–2022)

Hiljerd Holt Myrene (2021–2023)

Svein Arne Orvik (2020–2022)

Sunniva Røyset (2021–2023)

Ole Terje Sukka (2021–2023)

Varamedlemmer til styret

Henrik Sandstad (2021–2022)

Tomine Sævik Voldsund (2021–2022)

Husnemnda

Lidbjørn Vattøy (2021–2023)

Jostein Kiperberg (2021–2023)

Sigbjørn Halle (2021–2023)

Margaret Vikebakk (2021–2022)

Astrid Hjellegjerde Viseth (2021–2022)

Evy Vattøy (utleige av Fredheim, 2021–2023)

Kasserar

Arnfinn Hanstad (2021–2022)

Revisor

Harald Nordal (2021–2022)

Valnemnda

Anne Strand Kiperberg

Odd Arne Vikebakk

Knut Johan Rønningen

Vedtak: Årsmøtet vel kandidatane ved akklamasjon. Årsmøtet ber styret om å konstituere seg og velje leiar for eitt år.

Sak 6/2021 Orienteringar

Dagleg leiar i Møre og Romsdal KFUK-KFUM Ruben Voldsund orienterte om planane for VT, som på grunn av koronasituasjonen vart utsett frå februar til april og derfor vert *vårtreff*, ikkje *vintertreff*. Det vert eit digitalt arrangement med Ten Sing-gruppene i krinsen.

Voldsund inviterte også alle til å delta på det digitale årsmøtet i krinsen 22. mars, og likeins til landsmøtet i Noregs KFUK-KFUM. 24.-25. april.

På vegner av styret delte Aud Janne Hatlebakk ut blomar til nokre personar som har bidratt trufast i laget gjennom mange år, og til dei to som går ut av styret: Solveig Johnsen Dahl og Andreas Lunde.

7/2021 Matykt

Det vart servert brennsnut.

Ulsteinvik 16. mars 2021


Odd Arne Vikebakk


Ole Terje Sukka